



## Årdal Eldreråd

Møtedato: 12.09.22, Møterom: Seimsdalen, kl: 12:30

Tilstades: Steinar Drægni, Odveig Borlaug, Patricia Seglem Lægreid og Oddgeir Øren.

Fråværande: Ida Thune og Odd Øvergard.

Frå administrasjonen: Mette Hestetun Berg – Kommunalsjef Helse og omsorg.

Besøkjande: Heidi Skeie

### Sakslista:

#### 029/22 Godkjenning av innkalling og signering av referat.

Ingen kommentarar til innkallinga. Referat signeras av Oddgeir Øren og Steinar Drægni.

*Saka teke til viten.*

#### 030/22 Innlegg av Heidi Skeie -

Heidi hadde ein gjennomgang av Aldersvennleg bustad, bu lenge heime. Presentasjonen vert gjort tilgjengeleg.

*Saka teke til viten.*

#### 031/22 Datakurs/Datastove:

Forslaget til dato er 17. oktober, 12:30 i Kantina på Rådhuset. Det skal passe noko lunde med ein ringbuss. Eldrerådet ser på moglegheita for å tilby skyss heim for deltakarane etterpå via f.eks taxi.

*Saka er teke til viten.*

#### 032/22 Eldredagen

Samlinga går som i fjar på same staden. Det vert ikkje påmelding. Eldrerådet tek imot tilbodet om å sende sms til alle eldre som Odd Øvregard/eldresenteret har på lista si.

*Saka er teke til viten.*

#### 027/22 Ymse

- Tilflyttarkontoret, ved Hanne Stedje, har kontakta Eldrerådet ang bistand til eit par private framsyningar av Hydro sin jubileumsfilm. Hanne Stedje lurar på om Eldrerådet kunne bidra med midlar til 28. og 29. september til transport. Steinar foreslår at Eldrerådet løyve midlar opp til kr. 20.000 frå den kulturelle spaserstokken til dette. *Samrøystes vedteke.*
- Det er det og ynskjeleg å få til «Te og matine» igjen, då dette er eit populært tilbod, og då med eit opplegg for sjukeheimane. Eldrerådet likar ideen og ynskjer å bidra.
- Helsehuset:  
Mette informerar. Der er eit firma inne til å avdekke tomter som kan nyttas til dette tilbodet, der har komt inn ca 7 tompter. Politikkarane i Årdal har runda lista av til 2 tomter. Plassering av helsehuset skal bestemmost i Kommunestyret før jul. Då skal arbeidet med å fylla helsehuset på best mogleg vis. Belegget i Årdal per i dag er litt over gjennomsnittet i landet.
- Hanne Stedje er tilsett i kommunen i eit prosjekt. Bl.a skal ho bidra til å få opp trivselen blant eldre i kommunen. Foreløpig bistår ho Tilflyttarkontoret i nokon saker.
- Renovasjonssaka:  
Eldre lurar ofte på kva som skjer for dei bur i burettslag med store felles dunkar. Mette informerar



## Årdal Eldreråd

Møtedato: 12.09.22, Møterom: Seimsdalen, kl: 12:30

om at der skal vera informasjonsmøte førstkommande onsdag, kl. 17:00 på Årdalstangen og 19:00 i Øvre Årdal. Leiar av Eldrerådet sender ein bekymringsmelding til Ordførar og kommunalsjef i saka.  
*Samrøystes vedteke*

- Forsvarsforeningens seniorforbund: Minnar om at medlemma deira ynskjer å delta i eldreråde rundt om i kommunane. Eldrerådet meinar vel att denne henvendinga burde gått til valkomiteen. Møtesekretær sjekkar om dette er blitt gjort. *Samrøystes vedteke*
- Kvilebenkar på Tangen: benkane er bestilt. (Årdal eldreråd: 022/22)

*Ymse tatt til viten.*

---

Oddgeir Øren

---

Steinar Drægni